Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Klaus Sande
gardbrukar
Nessane

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vik

Emne: Norsk fela.

Bygdelag: Nessane

Oppskr. av: Klaus Sande

Gard: Nesse

(adresse): Nessane Sogn

G.nr. 81 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er helst norske feler (sokalla harding-fele) som hev vore mest nytta her i Sogn. Men frå 1870 og framover ei tid vart dei beste av dei gamle feler kjøpte på annan vis. Ofte var det jektesiglarar som hadde felene med seg på turar. Og der fór dei ille. Inne i lugaren deer (vengen) ville det „slå seg". Veggene vart våte og fela gjekk upp i limingen. Vart so ikkje vølt, og fela „kom vekk". Soleis veit eg om fleire feler som hadde kjøpt til namnfræge spelmenn og av dei eldgamle felene som det gjekk gjetord om, at dei var gode.

Eg har ein felekasse etter ei slik fela. Kassen er frå 1818. Er vent utskoren og måla. Dertil jarnbeslegen kraftig og pent, so ein skal leita etter maken. Det er den eldste og vakraste felekasse eg veit om i Sogn.

I grannebygda Kvamsøy er der ei fin gammall fele, som har vorte kalla „feleungen". Dette avdi ho er nokso liti. Denne fela er laga i syttenårhundre av ein Elling Kvamme. Han var felespelar og smillom anna, og rette fela hans kom til Røthe på Voss. Han som

971

no har denne „feleungen" heiter:

Erik Erikson Kvamme adr: Kvamsøy Sogn
Denne fela er so skjelden at eg
vil telje til at ho vert utstellt i dette høve.
Eg har skrive til han at det er
emna på ein utstelling av slikke
ting på Bygdøy i sumar. Og eg
fyreslo at me la fela hans i kassen
min, og sender stasen på felesjå
Enno har eg ikkje fengi svar
frå han. Men eg ynskjer at De
skriv til han sjølve som dette. Og
eg skal i millomtidi gjera mitt beste
og søkje etter, um det kann vera andre
som kann ha noko oldsaker i Norske feler.
Eg kann nemna at eg er sers interessera
i dette. Har sjølv mange sers gode felor
Det har vore som ein hobby for
meg og få tak i dei beste feler av no=
tida. Siste 30 åri. Eg har ogso ei fele
etter Olav Aukrust. Denne fela er laga
av Røstad. Eg nemner denne fela, dersom
nokon var interessera for ei samling etter
diktaren Aukrust, eller felemakaren
Røstad. To vanlege feler har eg og som
skal vera frå 17 den århundre. Den eine Steiner.
Eg har vore interessera i norsk musikk
– folkemusik – likeeins i dei beste spel=
menner og dei beste feler. Far min var ein uvanleg
flink spelmann på Norsk fela. Han heitte Lars
J. Sande og var bror til toneskalden Olav Sande.
Eg vert 60 år den 26 juni 1948 og har spelt fele
(heile tidi) frå barneåri.
Med vyrdnad
Klaus Sande

Nesse 25/12 – 1947

971